

*Minn angra mesta, no og da,
så blautt og bægje som dè va
å kåmå fram — —*

*E kjent me reint som framondgut
som alt for tide ha lagt ut. —*

*Så kom e framåt Oddam,
og du tok åt å vakn.
Og alle trøytte tanka
og alle såre saken:
dem va som blåse frå me
da du tok åt å sjå me.*

*Frå dogg som skjén på lauv og strå,
frå junihimmel høg og blå,
frå bekjje som åt Vatne sprang,
frå brone hus og myr og vang —
frå alt e hau'r og alt e såg
du stiit på me. Og auo låg
og svø'mt ti morgossol som rann,
med fjell og snøfenn ble'knt og brann.*

*Da kjent e godt,
at e har såmå blo ti årom minom,
som dè som brinn og brusa
ti allom årom dinom.*

På Rølvjordsæte'rn, si'st sønda'n i juni, 1913.

oooooooooooooooooooooooooooo

SYNER OG SEGNER I BYGDA

Av Ola J. Rise

Om Oppdal kan ein visst seie som det kunne bli sagt om einskilde menneske: «Han er ikkje all der han er set.» På snøggferder ser ein vel vanleg først det ytre, dei nærmaste høgdene, husbygnader, skiheisen m. m. Men er ein på ei lengre utferd og har betre tid til å sjå seg om i bygda eller i fjell-lendet vil ein ofte koma til å råke borti ømse ting og tilhøve som kan gjera ferda rikare.

I elver og åer nede i dalen er det fiskhølar med namn etter serlege hendingar, jættegrytor og stader der spræke karar har hoppa over.

På gardom og i skogane kan det finnast minne etter ovtru om verneråder mot vondskap: Krossar på uthusvegger, trolldomsteikn, minne om avrettungsstader, tufter etter gardar, plassar m. m. Frå siste ufredstida kan ein, enda etter ein del opprydding og attfylling, gå seg på tjugetals opne skyttarhol berre i ein einskild skogteig.

Attmed gamle vegar og stigar, som det tidlegare var så mange av til dals og til fjells, kan ein gå seg innpå bergsva med merke av hovslag og anna etter eventyrlege rideferder, t.d. frå St. Olavs dagar.

På fjellhøgdom er det namn og merke etter steinhytter til ly for gjætarar og for folk som dreiv med måsåsanking, utslåttar og fangst. Minne etter fangst av jaktfalkar har det og funnest. Namn som Eldålægret, Torelægret, Karilægret, Heimtjønnslægret og

andre er enno kjente minne om stader der bygdafolk hadde tilhald med hestar, sau og naut om somrane.

For å kunne halde augo med tidsgangen hadde folk i dei ømse grender sine faste solmerke i hør og skar. Det var t.d. Åbits-skaret, Dugurdmålshaugen, Nonshøa m. fl. til merke for første, andre og tridje matmålstida om dagane.

Ein kan råke på mengder av holar og mur-restar m. m. etter fangst av elg, bjønn og rein. Og pilspissar og andre reidskap, som snøbreane har gjøymd gjennom hundreåra og som no i seinare år har kome fram i dagen att, vitnar om livbergingsmåtar for fastbuande og farande folk i forntida her.

Av fjellplanter er det mange. Ei trurøkjen gransking vil syne at innan Oppdals grensor har det funnest mange sjeldne blomar, som av geografisk vanvare er ført over til andre bygdars voksterrike.

Og så er det dalar, store steinar og fjellhogder med drotningnamn, kongenamn og trollnemningar, med historiske eller segnvorne tolkingar som eingong var levande kultur-emne i helgdag og daglegliv i dalen.

Attåt segner og andre folkeminne har bygda havt nokre serleg utforma salmetonar og verdsleg musikk. «Drivdalstonen» «Ifjor gjætt’ eg gjetom i djupaste dalom» er vel kjent. Omframtid nyare utslag av kunst finst det enno ein del av verdi i saum, yeing, treskurd og måling, som mange framande òg har tykt sers godt om. Og så livi det enno minne om ømse slag truer på underlege vette som har vore til hjelp eller hindre i heimeliv og på utfærder.

Framandfolk som ferdast her i eldre tider kunne såleis bli ute for mange hendingar og få høyre om ømse underlege tilburder i bygda og på fjellom her. Det var til siste parten av 1800-talet mykje tale om noko dei nemnde for tusskallar og blåmenn. Det var skapningar som heldt til millom anna folk her, hjelpte til i heim- og sæterstell og andre gjeremål. Vette med same yrke og skapnad har funnest i fleire andre land. Dei har ømse namn. I Skottland kallast dei Brownies, i England Robin Goodfellow, i Frankrike Lutin. Tussane våre hadde helst ord for å vera gode. For dei som ein meinte var farlege hadde folk ráder og tiltak.

I heimane laut ein setje krossar på dører for å verne dyr og avling. På kvennhus t.d. sette dei eit merke som har vore kalla Jomfru Marias merke, ein femfota figur som òg har vore nemnt for Pentagram og Tussememerke. Ute på marka hadde ein den bergingsråda å koma seg inn i ein linåker. I nyare tid vart det verre å finne ei slik berging, om ein kom ut for slikt folkety.

Om opphavet til tussar eller slike omvandrarár millom folk sa ei gamal kjerring i ein sidedal her at Lusiferbonna hadde vorte nedskøkte og vart til «underjordiske» og til omvandrarár her i verda. Noko liknande har vore fast tru t.d. i Amerika.

Tussane budde inne i bergholar, der dei heldt festar, og sume tider bergtok dei gjentor og gutar, som ein da laut’ ringe ut att med kyrkjeklokkor.

Sume slag underjordiske meinte ein heldt til i haugar og steinrøysar, og der torde forntids turistar og andre ferdafolk ikkje gå framom utan å kaste ein Stein bortpå røysa. Opphavleg var dette kanskje meint som eit slag guddomsofring eller til vegmerke. Det er to slike «kastrøysar» på desse traktom. Den eine ligg straks ovafor Risegardane i Drivdalen, den andre oppe på Dovrefjellet. Eg har sjøl som barn vore med og kasta på ein av desse. Liknande truer og same slag «offerskikk» høyrer ein om t.d. frå Madagaskar, der dei kastar saman stein eller kvist til store haugar attmed vegane.

På Dovrefjellet skal det i gamal tid ha vore eit slag hekse-sentrums der «trollkjerringane» møttest etter at dei hadde samlast midsommarsnatta i Oppdalskyrkja. Den velkjende Gauldalskona Lisbet Nypan skapte om drengen sin og nyttta han til ridebukk på veg hit opp til bygda, er det fortalt.

Mange «heksar» vart, som kjent, brent på bål. Her i Oppdal kjenner ein ikkje til at slik bålbrann har gått for seg. Men det finst enno minne etter to bøddelstader her, Steggelsletta og Galgtrøa. Det siste menneske som sette livet til i Galgtrøa var ei gjente. Grunnen var skulding for barnedrap. Ho vart avretta med sverd i 1733. Gravhauger, tre- og reidskapsrestar høgt til fjels minner om at folk kan ha havt fast tilhald her tidlegare enn det vanleg har vore meint.

Frå gamle skikkar i samliv og granneskap finn ein mange minne i bygda. Kom ein innom i ein heim straks først julehelga måtte ein ikkje gå ut-att før ein hadde fått traktering, for da bar ein jula frå dette huset. Det var vel eit godt gammalt merke på gjestvenskap.

Dyra skulle ha serskilt stell julevelden. Gardhestane skulle da ha mat og skjenk inne på kjøkenet. Dette var av ein eg kjende praktisert så seint som kring siste hundreårsskiftet.

Hestane kunne trenge ein serleg juleklapp i gamle dagar, da dei laut vera med på så mange slag ferder. Det var ofte slitsam draging av plog og høy og ved og vatn heime på garden, og dryge dagferder på ujamne ridevegar med varefrakt frå byen og med ferdafolk over fjellovergangane.



I bønn — eller...

Hugo Gjørs

oooooooooooooooooooooooooooo

«V E D P E I S I L D E N»

Av Fr. Bødtker Lund

Å stirre inn
i en flammende ild
— det hører tankenes
verden til.

Mens dine øyne
ser forbi,
fornemmer du
en våg melodi.

Toner — du ikke
riktig kan høre,
men likevel gir
resonans i ditt øre.

Bak glørnes røde
og flammenes blå
aner du noe
du ikke kan nå.
— — —

Å stirre inn
i en flammende ild
— det hører drømmenes
verden til!